



Sunnfjord
kommune

A decorative graphic consisting of a large pink circle on the left, a green arc above it, and a larger green arc below it that frames the title.

Årsmelding for ungdomsrådet 2024



1 Organisering

Ungdomsrådet i Sunnfjord kommune består av 18-20 medlemmer og 16-18 varamedlemmer, som er valde for eitt år. Valet blir gjort i kommunestyremøtet i september.

Ungdomstrinna ved skulane i Sunnfjord fremja 2 representantar og 2 vararepresentantar. Førde vgs. fremjar 4 representantar og 2 vararepresentantar. I tillegg kan andre organisasjonar som representerer ungdom fremje kandidatar til 2 andre plassar i rådet, med personleg varamedlem.

Ungdomsrådet hadde slik samansetting frå 1. januar til 26. september 2024:

Medlem	Varmedlem	Organisasjon
Pernilla Taule Leikanger Georg Marskar-Strønen Wiktorja Bujnicka Elias Håvåg	1. Simon André Myrvang 2. Johannes Ask Ringstad	Førde vgs.
Inga Hjelmeland Berqvam Bertine Marskar-Strønen	1. Madeleine Indrebø 2. Natalie Tonning Sønnervik	Førde ungdomsskule
Emilie Kongsvik Rømo Viljar Mathias Terum	1. Matias Ellingsund Hjelmeland 2. Niklas Zukrowski	Halbrend skule
Nikoline Hylland Fitje Henrik Sunnarvik Svorstøl	1. Madeleine Wiström Vefring 2. Benjamin Aaberg-Fjell	Naustdal skule
Andreas Borkamo Marius Sund Engelsen	1. Bruse Aarbergsbotten 2. Sander Eiksrød	Sande skule
Nora Gåsemyr Helgheim Aksel Roko Eide	1. Hanne Bijsterbosch 2. Rakel Myklebust	Skei skule
Ella Margrethe Opheim Grønfur Nikolai Gjesdal	1. Johannes Svidal Myhren 2. Sondre Støfring	Vassenden skule
Espen Oppedal Iversen Liana Skudalsnes	1. Andreas Fluge Hoff 2. Håvard Hoff	Viksdalen skule
Odin Melvær Nordstrand	Martine Thingnes	Sunnfjord kulturskule/ Naustdal ungdomsklubb
Ann-Karin Solheim Rygg	Johannes Avedal	Danseverkstedet/ Løa ungdomsklubb

Leiar: Wiktorja Bujnicka

Nestleiar: Andreas Borkamo

Sekretær: Ann-Karin Solheim Rygg

Kommunestyret valde ny samansetting for valperioden 2024–2025, så ungdomsrådet hadde slik samansetting frå 27. september:

Medlem	Varamedlem	Organisasjon
Pernilla Taule Leikanger Georg Marskar-Strønen Wiktorija Bujnicka Mads Adrian B. Lysen	1. Benjamin Dogan 2. Eirik Frøiland Wiger	Førde vgs.
Madeleine Indrebø David Amsrud Husa	1. Natalie Tonning Sønnervik 2. Ali Magnus Alshaikh	Førde ungdomsskule
Daniel Ellevåg Sebastian Loen-Grov	1. Julian Kongsvik Norevik 2. Niklas Zukrowski	Halbrend skule
Even Korsbakken Leikanger Tina Sægrov	1. Sverre Solvåg-Hellevang 2. Live Thune Vaulen	Naustdal skule
Andreas Borkamo Rebekka Sofie G. Lervik	1. Marius Sund Engelsen 2. Ole-Arvid Sande	Sande skule
Hanne Bijsterbosch Eline Solheimsnes Sægrov	1. Aleksander Styve Erikstad 2. Olai Aardalsbakke Djupvik	Skei skule
Birk Sørebo Hauger Tindre Smaadal	1. Hedda Heggheim Bakken 2. Alida Hansen Hårklau	Vassenden skule
Martin Følling Andreas Fluge Hoff	1. Håvard Oppedal-Hoff 2. Ingrid Bell	Viksdalen skule
Theodor Eliassen Fink Frida Lødøen Hove	1. Mollie Hatlestad Hove 2. Dhalia Visintini	Løa ungdomsklubb/ Naustdal ungdomsklubb

Leiar: Andreas Borkamo

Nestleiar: Wiktorija Bujnicka

2 Møteaktivitet

Ungdomsrådet har gjennomført 11 ordinære møte og behandla 63 saker.

Kommunalsjef Anita Nordheim, ungdomskoordinator Eli Britt Danielsen og sekretær Malin Moldestad har delteke fast på møta. I tillegg har andre tilsette møtt når det er aktuelt for å orientere om saker og tema innanfor deira fagområde.

Møte 29. januar 2024

- Vedtakssaker:
- Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen
 - Søknad lokaletransporttilbod(LTU) for ungdom 2024

-
- Orienteringar:
- Årsbudsjett 2024 – Innverknad frå ungdomsrådet
 - Ny møtedato: 18. mars
 - Ungdomsstrategi – status, bakgrunnstal for ungdom i Sunnfjord og kopling til oppvekstplan
 - **Open post**
 - Nikolai og Ella informerte om elevrådet på Vassenden sitt arbeid for å starte ungdomsklubb. Dei har funne kommunalt lokale, og arrangert temakveld med foreldre, ungdom og politikarar, promosjonsvideo: <https://youtu.be/XvgxagTNNw4?si=ZUH3xpBguxx0uFD4>
 - Georg og Wiktorja informerte om problemstilling drøfta i elevrådet ved Førde vgs: Det er få parkeringsplassar ved skulen og elevar får ikkje plass ved skulen. Det er heller ikkje garderobe for regnklede eller andre løysingar. Leiar for areal og byggesak eller annan frå administrasjonen kjem til neste møte for å svare på kva tiltak kommunen kan gjere. Delegatane frå ungdomsrådet bør også ta opp denne saka på fylkesting for ungdom sidan den vidaregåande skulen ligg innanfor fylkeskommunen sitt ansvarsområde.
 - Møteleiaren informerte om at medlemmene må vere bevisste på korleis dei framtrer når ungdomsrådet får besøk og orienteringar.

-
- Referatsaker:
- Ingen

Møte 5. februar 2024

- Vedtakssaker:
- VM i vektløfting 2025 tilskot
 - Val av delegatar til Fylkesting for ungdom 2024
 - Søknad lokaltransporttilbod for ungdom 2024

-
- Orienteringar:
- Psykisk helseteam for barn, unge og deira familiar v/Magni Håvardstun, Tove Nedrebø, Monica Loen-Grov
 - Ungdomsrådet svarte på undersøking og innspela blir tatt med i det vidare arbeidet.
 - Biblioteka i Sunnfjord kommune v/Jorun Systad
 - Oppfølging av innspel under open post i tidlegare møte
 - Open post
 - Trond Ueland, leiar for næring og samfunnsutvikling, orienterte ungdomsrådet om problemstillinga som vart meldt inn i førre møte om manglande parkering for elevar ved Førde vgs. Elevrådet vart oppmoda om å skrive eit notat med deira

synspunkt som kan blir lagt fram for folkevalde i kommunen og fylkeskommunen.

-
- Referatsaker:
- Årsmelding frå Mobbeombodet i Vestland 2022-2023
 - Rapport pengar ifrå ungdomsrådet, Naustdal ungdomsklubb
 - Ungdomsrådet sine midlar for barn og ungdom-våren 2023

Møte 18. mars 2024

- Vedtakssaker:
- Tenesteanalyse - nivå på innsparing og omstilling
 - Ungdomsklubbar i Sunnfjord kommune
 - Årsmelding 2023 - ungdomsrådet
 - Verkstad om tiltak i ungdomsrådet sin handlingsplan

-
- Orienteringar:
- Ungdomsrådet sine midlar, søknadsfrist 13.mai
 - Orientering om Førdepakken
 - Open post
 - Invitasjon til Jenny Følling til møte 15.april
 - Wiktoria informerer om besøk frå polsk kommune

-
- Referatsaker:
- Ingen

Møte 8. april 2024

- Vedtakssaker:
- Verkstad om tiltak i ungdomsrådet sin handlingsplan

-
- Orienteringar:
- Ingen

-
- Referatsaker:
- Ingen

Møte 15. april 2024

- Vedtakssaker:
- Nedlegging av Vevring skule og barnehage
 - Elevundersøkinga v/Åge Stafsnes, kommunalsjef skule
 - Plan for uteområdet ved nye Førde ungdomsskule og nye Førde barneskule v/Åge Stafsnes, kommunalsjef skule
 - Spørsmål og svar til ordførar Jenny Følling
 - Ungdomsklubbar i Sunnfjord kommune. Veggen vidare v/Anita Nordheim

- Orienteringar:
- Presentasjon av det nye teamet Barn, unge og familiestøtte
 - Ungdomsrådet sine midlar. Søknadsfrist 13.mai v/Ungdomskoordinator
 - Referat frå fylkestinget v/Wiktoria, Emilie, Ella, Nikolai og Andreas vart utsett til neste møte.

-
- Referatsaker:
- Rapportering- Ungdomsrådet sin tilskotsmidlar
 - Ungdomsrådet sine midlar for barn og ungdom - førespurnad om endring av tiltak

Møte 21. mai 2024

- Vedtakssaker:
- Gruppearbeid om tiltaka i handlingsplanen
 - Årsrapport 2023 for Sunnfjord kommune
 - Årsrekneskap og årsmelding 2023 for Sunnfjord kommune
 - Plan for kultur, frivillighet og inkludering
 - Orientering om forslag til lokale forskrifter etter ny opplæringslov for Sunnfjord kommune
 - Kommunal planstrategi 2024 - 2027 for Sunnfjord kommune
 - Saman om EIN god oppvekst – Førebyggjande plan for barn og unge 2024–2030
 - Utdeling av ungdomsrådet sine midlar – Våren 2024
-

- Orienteringar:
- Ingen
-

- Referatsaker:
- Ingen
-

Møte 3. juni 2024

- Vedtakssaker:
- Utdeling av ungdomsrådet sine midlar – Våren 2024
 - Handlingsplan for ungdomsrådet 2024–2027
 - Lokale forskrifter til ny opplæringslov
-

- Orienteringar:
- Reguleringsplan for Førdehuset og Førdepakken tiltak 1 Bru over Jølstra v/Vigdis Lobenz
 - Deltaking på Fylkesting for ungdom v/Ella, Andreas, Nikolai, Wiktorja
 - Overgang til nytt ungdomsråd, innlevering av iPad v/Eli Britt Danielsen
-

- Referatsaker:
- Ingen
-

Møte 14. oktober 2024

Første møte i ny valperiode 2024–2025. Det vart gjennomført opplæring for ungdomsrådet.

Møte 4. november 2023

- Vedtakssaker:
- Val av leiar og nestleiar
 - Prioritering av satsingsområde i handlingsplanen for ungdomsrådet 2024–2025
-

- Orienteringar:
- Kvalitet og Kapasitet i Sunnfjordskulen
 - Informasjon og gjennomgang av opptak av kommunestyret si behandling av ungdomsrådet sin handlingsplan 2024–2027
 - Nytt Team i teams for medlemmene i ungdomsrådet, gjennomgang av dette i neste møte.
-

- Referatsaker:
- Invitasjon til Ungdataseminar 6.november
 - Orientering om folkehelseoversikta 2023–2027
 - Rapport Ungdomsrådet sine midlar FAU Bygstad skule
 - Rapport tildelte midlar frå Ungdomsrådet

Møte 11. november 2023

- Vedtakssaker:
- Årsbudsjett, økonomi- og handlingsplan 2025-2028 (orientering)
 - Kvalitetsmelding for skule 2024
 - Årsmelding frå mobbeombodet i Vestland 2024
 - Utdeling av ungdomsrådet sine midlar – Haust 2024
-

- Orienteringar:
- Møte med ordførarar Jenny Følling
 - Møteplan 2025
 - Vidare arbeid med prioriterte saker i handlingsplanen
 - Tilbakemelding frå Ungdata-seminaret
-

- Referatsaker:
- Rapport for bruken av midlane utdelt av Ungdomsrådet i Sunnfjord kommune
 - Rapportering av tilskotsmidlar frå Ungdomsrådet - Slåtten skulemusikk
-

Møte 2. desember 2024

- Vedtakssaker:
- Årsbudsjett, økonomi- og handlingsplan 2025-2028
 - Tenesteanalyse - innsparings- og omstillingstiltak 2025 og 2026
 - Utdeling av ungdomsrådet sine midlar – Haust 2024
 - Tilskot frå Buf-dir til inkludering av barn og unge. Rangering av søknadar frå lag og organisasjonar i Sunnfjord kommune
-

- Orienteringar:
- Tilbakemelding frå KoRus samling på Skei v/Andreas, Wiktorja, Mads og David
 - Bakgrunnen for og kommunestyret sitt vedtak om ungdomsklubbar, sak 023/24
 - Ekstramøte i januar 2025
-

- Referatsaker:
- Rapportering om bruk av midlar frå ungdomsrådet
-

3 Andre aktivitetar i 2024

Opplæring

Det var opplæring i møte 14. oktober for nyvald ungdomsråd 2023–2024. Både medlemmer og varamedlemmer vart invitert til den første opplæringa. Ungdomsrådet fekk informasjon om kommunen, om ungdomsrådet og rolla som rådsmedlem. Det vart òg informert om arbeidet med ungdomsrådet sin handlingsplan og ordninga med utdeling av ungdomsrådet sine midlar.

Deltaking på fylkeskommunale møte

Ungdomsråda i Vestland fylke blir bede om å sende to delegatar til å delta på fylkessamling for ungdomsråda om hausten og til fylkesting for ungdom om våren.

Frå Sunnfjord kommune deltok leiaren Wiktorija Bujnicka og nestleiar Andreas Borkamo som delegatar på fylkestinget for ungdom 6. til 8. april 2024, i tillegg deltok Ella Margrethe O. Grønfur og Emile Kongsvik Rømo som observatør. Det var fysisk møte i Bergen. I 2024 vart det ikkje gjennomført fylkessamling på hausten.

Ungdata-seminar

Medlemmene i ungdomsrådet vart invitert til å delta på Ungdata-seminaret 6. november. Ungdomsrådet var godt representert, 15 av 20 medlemmer deltok. Ungdomsrådet ser fram til å delta i arbeidet med oppfølging av resultata i Ungdata.

I etterkant av Ungdata- seminaret vart ungdomsrådet invitert til å delta på KORUS (Kompetansesenter for rusfeltet) si samling på Skei 20. november. Temaet for samlinga var «Rusmiddelførebygging i skulen». Ungdomsrådet vart bedt om å ha eit innlegg om ungdommens perspektiv på rusførebygging i skulen. Kva kan kommune, skule og ungdomane sjølve gjere? Leiar Andreas Borkamo, nestleiar Wiktorija Bujnicka og medlem David Husa deltok på samlinga.

Vedtak av handlingsplan for ungdomsrådet

Våren 2024 brukte ungdomsrådet mykje tid på å for første gong utarbeide og vedta ein eigen handlingsplan for rådet:

- møte 29. januar: ungdomsrådet fekk informasjon om status for medverknadsarbeidet, bakgrunnstal for ungdom i Sunnfjord og kopling til oppvekstplanen.
- møte 18. mars: medverknadsrapporten vart presentert for ungdomsrådet med oppsummering av alle innspela som har kome inn frå 403 ungdomar i Sunnfjord og elevråda.
- møte 8. april: ekstramøte med verkstad for å velje satsingsområdet i handlingsplanen. Ungdomsrådet valde desse satsingsråda:
 - Gode møteplassar for ungdom
 - Eit godt kollektivtilbod
 - Kjekke fritidsaktivitetar
 - Ein god skulekvardag
 - Styrke ungdomsmedverknad

- Møte 3. juni: Ungdomsrådet vedtok [Handlingsplan for ungdomsrådet 2024–2027](#)

Vi håper dette blir eit godt arbeidsdokument for ungdomsrådet for å sikre betre kontinuitet sidan det er årleg endring av ungdomsrådet si samansetting.

I møte 4. november valde ungdomsrådet to satsingsområde, møteplassar og kollektivtilbod, som særleg prioriterte hausten 2024 og våren 2025.

Utdeling av ungdomsrådet sine tilskotsmidlar

Ungdomsrådet disponerer 100 000 kroner som dei skal dele ut til aktivitet og tiltak for barn og ungdom i Sunnfjord kommune. Midlane blir delt ut to gongar i året, i mai og november.

Ungdomsrådet gav økonomisk støtte til følgande tiltak våren 2024:

Søkar	Tiltak	Søknadssum	Utdeling
Dans utan grenser Skei	Utstyr til å pusse opp møterommet til instruktørane	10 000 kr	5000 kr
Dans utan grenser Skei	Bidrag til Fylkesturneen for Dans utan grenser	10 000 kr	0 kr
Åse og Grimseth grendelag	Etablere bygdekino	15 000 kr	5000 kr
Førde IL Fotball J15	Sosial aktivitet for laget.	5000 kr	0 kr
Sande og Bygstad skulemusikk	Innkjøp av nye aspirant/ juniorinstrument, med instrumentbag	15 000 kr	10 000 kr
Barn, unge og familiestøtte (BUFA)	Legge til rette for ein møteplass for ungdomar på Førdehuset	5000 kr	5000 kr
KFUK-KFUM Sogn og Fjordane	Arrangere kurs i Ableton for musikkproduksjon, bruk av utstyr, DJ-kurs	20 000 kr	4000 kr
Elevrådet ved Vassenden skule	Støtte til oppussing og utstyr til å etablere ungdomsklubb	30 000 kr	21 000 kr
Sogn og Fjordane Røde Kors	Støtte til å arrangere ein ungdomskonferanse om psykisk helse hausten 2024	25 000 kr	0 kr
Totalt		135 000 kr	50 000 kr

Ungdomsrådet gav økonomisk støtte til følgende tiltak hausten 2024:

Søkar	Tiltak	Søknadssum	Utdeling
Førde IL Basketball	Utstyr til basketball-laget	10 000 kr	7000 kr
Sunnfjord Ekstremmetall	Arrangere halloweenfest med konsertar	30 000 kr	0 kr
Viksdalen ungdomsklubb	Innkjøp av pokerduk og Pokersett med sjetongar	2300 kr	2300 kr
Sande og Bygstad skulemusikk	Helgeseminar med dirigent, instruktør og aktivitetar	5000 kr	0 kr
Sande og Bygstad skulemusikk	Felles seminar for skulemusikantane i Sunnfjord kommune	20 000 kr	5000 kr
Sogn og Fjordane Folkemusikklag	Støtte til TØFT, rekrutteringsprosjekt for folkemusikk og -dans i Sogn og Fjordane.	10 000 kr	0 kr
Terrensykkelgruppe i Førde	Innkjøp av trevirke, festeelement, reiskap og anna utstyr for stibygging.	7500 kr	5000 kr
Sogn og Fjordane Folkemusikklag	Støtte til UngLåt, sommarkurs for ungdom med interesse for folkemusikk og -dans.	10 000 kr	2500 kr
Elevrådet ved Skei skule	Støtte til prosjekt for brett- og aktivitetsspel og lage- og måle utebenk	6000 kr	3000 kr
Gaular IL Langrenn	Kjøpe mat og drikke til sosiale møte i skihytta.	8000 kr	8000 kr
Jølster KFUK-KFUM Speidarar	Kjøp av Asivik Startent, sekskanta stjernetelt, som er eigna til bruk på troppsområde /aktivitetar	15 000 kr	6200 kr
Internatstyret på Mo, Førde Vgs.	Juleavslutning og ei sommaravslutning for elevane som bur på internatet på Mo	10 000 kr	5000 kr
Løa ungdomsklubb	Arrangere eit julebord på Løa i desember	10 000 kr	6000 kr
Totalt		143 800 kr	50 000 kr

4 Meir om rådet

Sakliste, saksdokument og protokoll er tilgjengeleg på [Sunnfjord kommune si heimeside.](#)

17. mars 2025

Andreas Borkamo
leiar i ungdomsrådet